



Adu AS
Postboks 75
5952 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/925 - 17/16241

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
02.06.2017

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 123/7 Risa

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 13.03.17.

Grunna stor saksmengde har saka dykkar vorte liggjande utan gjennomgang frå sakshandsamar. Vi har registrert avvik i saka, då dette vert rekna som brudd på eiga intern rutine som følgje av overskriding av frist for å gjennomføre mottakskontroll.

Vi seier oss leie for dette.

Lovbestemt sakshandsamingsfrist for handsaming av rammesøknad er ikkje overskriden.

Planstatus

Eigedomen ligg uregulert i det som i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden (KDP)/planid.: 1263-200810 er avsett til område for spredt naustbygging. Eigedomen ligg i område merka med #5. For det aktuelle området går det fram av KDP at det kan byggast 3 naust i planperioden og at byggegrense for område #5 går i formålsgrense.

Omsøkt tiltak omhandlar, slik vi oppfattar søknaden, i tillegg etablering av køyretilkomst til eigedomen og etablering av båtopptrekk. Etablering av køyretilkomst og delar av båtopptrekket ligg utanfor område avsett til spredt naustbygging. Oppføring av naust på eigedomen vil, isolert sett, vere i samsvar med KDP.

Køyretilkomst ligg til dels på område regulert til hamneområde. Båtopptrekket ligg på område regulert til bruk og vern av sjø.

Det er ved søknad ikkje dokumentert parkering for naustet. Det er krav i KDP § 1.12 at det for naust på eigedom med eiga gbnr. skal det etablerast 1 parkeringsplass per nausteining, det er ved søknad ikkje dokumentert parkeringsløyising for naustet.

Etablering av båtopptrekk utanfor område avsett til spredt naustbygging og ut i areal avsett til bruk og vern av sjø krev dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 byggeforbodet langs sjø. Vidare krev etablering av båtopptrekk løyve/uttale frå Bergen og omland hamnevesen etter farvasslova.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Det er ved søknad om løyve til tiltak ikkje levert teikningar for båtopptrekket som syner korleis dette vert plassert i terrenget, korleis det vert bygd opp og liknande.

Etablering av køyretilkomst til eigedomen utanfor areal avsett til spredt nausbygging og på areal avsett til hamneområde krev dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8, då det for område avsett til hamneområde ikkje ligg byggegrense i høve pbl § 1-8.

Med omsyn til synt køyretilkomst til eigedomen så er det ved søknad ikkje lagt teikninga av den planlagde køyretilkomsten, som td. terrengsnitt front på mur mot sjø og liknande.

Vi gjer merksam på at dersom de ynskjer det, så kan søknaden delast opp og naustet handsamast som eiga sak, de vil då måtte supplere søknaden med opplysningar om parkeringsplass tilhøyrande naustet.

Etablering av køyretilkomst og båtopptrekk, med tilhøyrande dispensasjonssøknadar, kan evt. gå som eiga sak.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 for etablering av båtopptrekk og køyretilkomst til eigedom gbnr. 123/7 plassert utanfor område avsett til spredt naustbygging, område #5, i KDP.
2. Terrengsnitt som syner plassering av båtopptrekket i terrenget.
3. fasadeteikning (front mur køyretilkomst sett frå sjø), snitt og lengdesnitt av køyretilkomst.
4. Parkeringstilhøve for naustet jf. KDP § 1.12.

Dersom de ønskjer å dele opp saka og ønskjer at kommunen berre handsamar naustet ber vi om skriftleg attendemelding på det innan 12.06.17. De vil då måtte dokumentere parkeringssituasjon for naustet jf. KDP § 1.12.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 28.07.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Adu AS	Postboks 75	5953	FONNES
Leidulv Atle Namtvedt	Vardeveien 9 C	1363	HØVIK
Leidulv Atle Namtvedt		1363	HØVIK

Mottakarar:

Adu AS	Postboks 75	5952	FONNES
--------	-------------	------	--------